



Sirdal kommune

Sinnes skule

Medlem av Sinnes SU og SMU

DERES REF: VÅR REF: SAKSBEHANDLER: ARKIVKODE: DATO:
7850/2017 - 2007/1593 Åse-Berit Fidjeland A20 12.05.2017

REFERAT MØTE I SINNES SU/SMU 21.03.17

Til stades: Rita Haugen, Lise Kleiberg, Stian Hiim, Hanne Fossen Skreå, Lena Bøgwald, Hilde Sinnes, Åse-Berit Fidjeland

Møtte ikkje: Solveig Marie Ådneram, Bjørg Hilde Fidjeland, Madli Ådneram og Magne Tjørhom

Sak 1/17: Om resultatata frå Udir si elev-, foreldre og lærarundersøking

Rektor informerte om resultatata frå elev-, foreldre og lærarundersøkinga, dvs. at det vart mest om elevundersøkinga, sidan 100% av elevane hadde svara på den, sjå vedlegg. Foreldreundersøkinga var det 58,3 svarprosent på, medan det var 81,8% av lærarane som hadde svara.

Ein vart samd om at det bør sendast purring meir enn ein gong for å få opp svarprosenten neste gong, dvs. 2020.

Sak 2/17: Lokal trivselsundersøking

Rektor informerer om at det skal vera elektronisk gjennomføring av slike undersøkingar. I fjor nytta me ein versjon på *It's learning*, men der har berre elevar passord, så i år prøver me å få til ei undersøking via Quest-Back før påskeferien.

Sak 3/17: Evaluering av foreldremøtet med Villmarksbarna

Dei som møtte opp, vart verkeleg inspirerte, men ein kan spørja seg om den tida ein har brukt for å få dette til og den økonomiske sida kan forsvarast når det ikkje møter meir enn femti personar. Det viser seg at det er vanskeleg å få til samarbeid med alle partar, dvs. begge skulane, begge barnehagane og helsestasjonen. Me må i alle fall gjera meir for å få ut informasjonen, helst via lokalavisa.

Skuleeininga har snakka om kven som bør planleggja foreldremøta, og når dei bør leggjast, og Sinnes SU og SMU meiner at foreldra, via FAU, bør få ha eit ord med i laget. Det vart poengtert at foreldre bør føla eigarskap til produktet.

Det kom forslag om tema som "Sommerfugleffekten" ved Silje Marie Strandberg eller Nina Nakling som begge tar opp mobbing eller "Ikke tøft å være død". Rita føreslo å tenkja heilt nytt, og heller laga til ein aktivitetsskveld for foreldre og barn på Sinnes skule. Det gjer ein allereie i samband med haustsamlingane, men kan kanskje utvidast til å gjelda alle.

Åse-Berit Fidjeland

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.